

Utruleg skuffa!

Eg har sjølv vekse opp på Sandve. I alle år måtte me kjempa for å behalde den vesle skulen vår, og hadde jammen ikkje trudd dette fortsatt skulle vere kampsaken min, når mine ungar skal vekse opp på Åkra.

Sjønar ikkje heilt tankegangen dykkar.

Joda, «problemet» med antall elevar blir vel løyst, men vil vel påpeike at problemet er jo ikkje dette. Skulen er aaalt for gammal!!! No er mine ungar så «heldige» å tilhøyre skulekretsen her på Åkra, så eg slepp å levere mine ungar på forskjellige skular framover. Men ettersom me bur heilt i grensa, vil ikkje mine to minste kunne ta følge med veninnene/kameratane på andre sida av vegen, som me hadde gleda oss til. For dei skal på Grindhaug!!! Og me bur jo midt i Åkra, så det er jo heilt ulogisk!

Tomta som vart kjøpt for uendelig mange millionar-har dykk gløymd denne?

Uendelig skuffa både små og store i heimen, og eg håpar ikkje forslaget får gjennomslag. Eg håpar dykk tar til vet, og prøvar å sette dykk inn i situasjonen til oss som dette berører. Det er tydeleg at det er blitt ein prinsippsak at Åkra skule ikkje skal byggjast, og at dei som bestemm ikkje blir berørte sjølve.

Håpar verkeleg det vil komme eit anna forslag, der me slepp å sjå naboborna våre gå kvar sin veg til skulen, og at det kan gagne Åkrabuen til ein forandring.

Hilsen oppgitt og skuffa mamma.